



# **DELÅRSRAPPORT**

## **1. kvartal 2012**

Voss, 24. april 2012  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2012

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultat før skatt i 1. kvartal på 9,5 mill. kr mot 5,4 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 1,20% i år, mot 0,74% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er resultatet 8,2 mill. kr, mot 3,9 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 1,03% i år og 0,53% i fjor av GFK i kvartalet. Resultatforbetringa skuldast auke i netto renteinntekter og god utvikling på Oslo Børs.

## RENTEMARGIN

I 1. kvartal er rentemarginen auka med 1,5 mill. kr til 16,5 mill. kr, samanlikna med 1. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen auka frå 2,03% i 1. kvartal i fjor til 2,06% i 1. kvartal i år .

Sjølv med stor konkurranse i rentemarknaden og reduserte marginar på banken sin overskotslikviditet er banken godt nøgd med at rentemarginen held seg over 2-talet.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på Oslo Børs har vore positiv i 1. kvartal, og banken har difor inntektsført verdiendringar på verdipapirporteføljen med 5,1 mill. kr, mot 0,6 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Største delen av verdiendringa er ikkje realisert.

## DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er driftskostnadane på 11,8 mill. kr, mot 10,5 mill. kr i 1. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,48%, mot 1,42% i fjor.

Driftskostnadane for 1. kvartal er noko under budsjettet for perioden. I samband med konvertering av alle IT-system til Terra i løpet av året har banken byrja belasta desse kostnadane i rekneskapen, slik at det i 1. kvartal er kostnadsført 1,2 mill. kr som ekstra avskrivning.

## TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 1. kvartal har banken tapsført 1,0 mill. kr, mot 0,9 mill. kr i fjor. Av beløpet på 1,0 mill. kr er 0,5 mill. kr avsett på gruppevis nedskrivingar. Sjå eigen note om bokførte tap på utlån.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av 1. kvartal i 2012 er redusert med 31,4 mill. kr til 68,4 mill. kr samanlikna med kvartalsskiftet i fjor. I % av brutto utlån utgjør dette 2,52% pr. 31.03.12, mot 4,12% pr. 31.03.11.

## RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen auka med 70 mill. kr eller 2,2%. Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 344 mill. kr eller 11,8%

## **INNSKOT**

I 1. kvartal er innskota redusert med 38 mill. kr eller 1,8%. I 1. kvartal i fjor vart innskota reduserte med 20 mill. kr som tilsvarar 1,0%. Siste 12 månader har innskota auka med 152 mill. kr eller 8,0%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved kvartalsskiftet 76,2% av brutto utlån, mot 79,0% på same tid i fjor.

## **UTLÅN**

Banken opplever god vekst i utlåna, og i 1. kvartal har brutto utlån til kundar auka med 58 mill. kr eller 2,2%.

Ved utgangen av kvartalet er brutto utlån til kundar 2.709 mill. kr mot 2.421 mill. kr i fjor, ein vekst på 288 mill. kr eller 11,9%.

## **LIKVIDITET**

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.065 mill. kr er samla innskotssaldo på kundar med innskot større enn 2 mill. kr (Banksikringsfondet si garantigrense) 503 mill. kr eller 24%. Banken sin LCR (Liquidity Coverage Ratio) er kalkulert til høge 275% mot anbefalt minstekrav på 100%.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 361,6 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,00%. Kjernekapitalen er samstundes 301,6 mill. kr, eller 15,01%. I høve til minimumskrava er overdekninga 200,9 mill. kr.

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPRINSIPP**

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

## **UTSIKTENE FOR 2012**

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingsituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar ein moderat reduksjon i rentene i løpet av første halvår og at dei vil halde seg stabile ut året. Sjølv med utsikter om ein svak økonomisk vekst globalt, er investeringsklimaet framover interessant.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
Renteinntekter og liknande inntekter	35.694	31.294	133.247
Rentekostnader og liknande kostnader	19.205	16.323	69.276
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>16.489</b>	14.971	63.971
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	15	14	2.655
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	994	1.436	5.375
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-403	-464	-2.083
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	5.136	659	-2.636
Andre driftsinntekter	165	165	819
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>5.907</b>	1.810	4.130
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>22.396</b>	16.781	68.101
Løn og generelle administrasjonskostnader	8.320	8.229	31.975
Ordinære avskrivningar	1.899	559	2.389
Andre driftskostnader	1.588	1.684	6.176
<b>Sum kostnader</b>	<b>11.807</b>	10.472	40.540
<b>Resultat før tap</b>	<b>10.589</b>	6.309	27.561
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.038	867	2.469
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>1.038</b>	867	2.469
<b>Resultat før skatt</b>	<b>9.551</b>	5.442	25.092
Skatt på ordinært resultat	1.343	1.519	7.661
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>8.208</b>	3.923	17.431
<b>Andre inntekter og kostnader</b>			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	347	464	139
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-97	-129	-50
<b>Sum andre postar</b>	<b>250</b>	335	89
<b>Totalresultat</b>	<b>8.458</b>	4.258	17.520
Resultat pr. aksje	86,40	41,29	183,48
Utvatna resultat pr. aksje	86,40	41,29	183,48

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

### EIGNELUTAR

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
Kontantar og fordringar på sentralbankar	118.036	75.699	164.680
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	39.313	3.723	26.206
Netto utlån og fordringar på kundar	2.665.884	2.376.345	2.609.003
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	312.496	298.369	281.346
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	60.848	97.393	50.210
Immateruelle eignelutar	3.749	0	0
Finansielle derivat	35	0	0
Varige driftsmidler	37.692	37.286	37.705
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	12.551	17.416	11.642
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>3.250.604</b>	<b>2.906.231</b>	<b>3.180.792</b>

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.065.183	1.912.785	2.103.353
Obligasjons- og sertifikatgjeld	749.270	590.169	666.191
Finansielle derivat	373	455	501
Utsett skatt	3.003	2.295	2.906
Anna gjeld	15.159	8.567	14.906
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	25.118	15.126	8.930
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.553	6.993	6.518
Ansvarleg lånekapital	84.440	84.898	84.440
<b>Sum gjeld</b>	<b>2.949.099</b>	<b>2.621.288</b>	<b>2.887.745</b>

### EIGENKAPITAL

<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-15	-6	-15
Sum innskoten egenkapital	9.485	9.494	9.485
<i>Opptent egenkapital</i>			
Annan egenkapital	292.020	275.449	283.562
Sum opptent egenkapital	292.020	275.449	283.562
<b>Sum egenkapital</b>	<b>301.505</b>	<b>284.943</b>	<b>293.047</b>

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL


Garantiansvar	39.269	34.926	34.869
Pantsetjingar	65.675	104.342	67.395
Eigenkapitaldekning	18,00 %	19,21 %	18,80 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.074.466	2.885.784	3.016.305

Voss, 24.04.12

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel  
styreformann



Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjølstein



Bjørg Knapstad



Norvald Fretheim



Jan Arveschoug  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar  
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar  
 Endring i gruppevise nedskrivningar  
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
	31.03.12	31.03.11	31.12.11
	547	479	-4.518
	-95	-303	-130
	500	500	2.750
	126	212	5.119
	0	0	2
	-40	-21	-754
<b>Sum tap i perioden</b>	<b>1.038</b>	867	2.469

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån  
 Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement  
 Individuelle tapsnedskrivningar  
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
	41.107	72.942	27.528
	5.263	9.443	3.285
<b>Netto misleghaldne lån</b>	<b>35.844</b>	63.499	24.243
	53.614	57.438	62.716
	21.037	21.044	22.530
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>68.421</b>	99.893	64.429

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån  
 Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar  
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar  
 Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar  
 Netto utlån til kundar

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
	2.709.440	2.421.338	2.651.574
	1.055	1.319	993
	-27.355	-31.806	-26.808
	-17.256	-14.506	-16.756
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>2.665.884</b>	2.376.345	2.609.003

## KAPITALDEKNING

	31.03.12		31.03.11		31.12.11	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	536	43	516	41
Institusjonar	64.225	5.138	81.162	6.493	65.217	5.217
Føretak	653.400	52.272	519.861	41.589	579.288	46.343
Massemarked	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	784.555	62.764	698.934	55.915	766.336	61.307
Forfalne engasjement	65.706	5.256	73.289	5.863	66.539	5.323
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.998	880	5.995	480	10.998	880
Andelar i verdipapirfond	8.870	710	13.313	1.065	7.445	596
Andre engasjement	305.188	24.415	310.814	24.865	316.692	25.335
<b>Sum kredittrisiko</b>	<b>1.892.942</b>	<b>151.435</b>	1.703.904	136.312	1.813.031	145.042
Operasjonell risiko	133.037	10.643	126.838	10.147	126.838	10.147
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-17.256	-1.380	-14.506	-1.160	-16.756	-1.340
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
<b>Samla kapitalkrav</b>	<b>2.008.723</b>	<b>160.698</b>	1.816.236	145.299	1.923.113	153.849
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-15		-6		-15	
Annan eigenkapital	257.657		244.532		257.657	
Fondsobligasjonar	34.440		34.898		34.440	
- utsett skattefordel	0		0		0	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>301.582</b>	<b>15,01</b>	288.924	15,91	301.582	15,68
Fond for urealiserte verdiendringar	10.026		9.932		9.914	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>60.026</b>	<b>2,99</b>	59.932	3,30	59.914	3,12
<b>Sum ansvarleg kapital</b>	<b>361.608</b>	<b>18,00</b>	348.856	19,21	361.496	18,80

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

	31.03.12	31.03.11	31.12.11
Eigenkapital ved inngangen til året	293.047	280.685	280.685
Utbetalt utbytte førre år	0	0	-4.940
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	250	335	89
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-218
Resultat i perioden	8.208	3.923	17.431
Overgang til IFRS pr. 01.01.10	0	0	0
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>301.505</b>	<b>284.943</b>	<b>293.047</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i heile NOK 1.000		
	31.03.12	31.03.11	31.12.11
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	33.830	32.894	143.318
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-8.676	-8.092	-69.397
Andre innbetalningar	476	173	3.586
Driftsutbetalningar	-10.240	-10.332	-40.848
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	40	21	754
Utbetalt utbytte	0	0	-4.940
Betalte skattar	-24	-4.332	-5.491
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>15.406</b>	<b>10.332</b>	<b>26.982</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-58.044	-9.826	-245.550
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	-38.170	-20.004	170.564
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	83.079	-7.044	69.191
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-155	-6.243	-37
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-29.002	-89.654	-31.732
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	1.655	-344	1.701
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	-217
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>-40.637</b>	<b>-133.115</b>	<b>-36.080</b>
Investert i varige driftsmidlar	-806	-6.902	-9.155
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-7.500	117.410	117.442
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>-8.306</b>	<b>110.508</b>	<b>108.287</b>
Netto endring likvidar	-33.537	-12.275	99.189
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	190.886	91.697	91.697
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>157.349</b>	<b>79.422</b>	<b>190.886</b>
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:</b>			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	118.036	75.699	164.680
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	39.313	3.723	26.206
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>157.349</b>	<b>79.422</b>	<b>190.886</b>